

a

# Møtepapir

## Årsmøte

### Utdanningsforbundet Bokn

6.april 2022 19.00 Boknahåve Bokn Arena

#### Sak 1 Konstituering

##### 1.1. Godkjenning av innkalling

**Innstilling til vedtak:** Innkallinga vert godkjent

##### 1.2. Val av dirigentar

**Innstilling til vedtak:** Som dirigent vel me Merete Alvestad

##### 1.3. Val av protokollunderskrivarar

**Innstilling til vedtak:** Som protokollunderskrivarar vel me Merete Alvestad og Anne Lisabeth Jøsang

##### 1.4. Sakliste

###### Sak 1 Konstituering

- 1.1. Godkjenning av innkalling
- 1.2. Val av dirigent
- 1.3. Val av protokollunderskrivarar
- 1.4. Godkjenning av sakliste
- 1.5. Godkjenning av møtereglement
- 1.6. Godkjenning av valreglement

###### Sak 2 Valg

- 2.1. Val av leiar i lokallagsstyret
- 2.2. Val av nestleiar i lokallagsstyret
- 2.3. Val av tillitsvalde etter hovudavtalen i KS
- 2.4. Val av to andre medlemmar til lokallagsstyret
- 2.6. Val av valkomité

###### Sak 3 Melding og rekneskap frå lokallagsstyret 2021

###### Sak 4 Vedta retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

###### Sak 5 Handsama budsjett

###### Sak 6 Innkomne saker

## 6.1 Innkomne saker frå medlemmane

### Sak 7 Evt. resolusjonar

**Innstilling til vedtak:** Saklista vert godkjend

### 1.5. Godkjenning av møtereglement

1. Lokallagsleiar opnar møtet og leier møtet inntil møteleiar er vald.
2. Årsmøtedeltakarar som ynskjer ordet, viser det til møteleiaren. Ynskjer ein ordet til dagsorden, saksopplysning eller replikk, visast dette særskilt. Saksinnleiarar og styremedlemmar kan få ordet utanom talelista for å svare på spørsmål eller gi saksopplysningar.
3. Forslag skal leverast skriftleg og underteiknast med namn. Alle forslag skal vere referert før strek vert sett. Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at det er gjort vedtak om at strek er satt. Forslag kan då heller ikkje trekkast tilbake.
4. Alle forslag frå styret eller forslag som er sendt inn frå klubber til årsmøtet innan fristen, blir vedteke med simpelt fleirtal. Nye saker må ha kvalifisert (2/3) fleirtall. Årsmøtet må òg, med 2/3 fleirtall, vedta at saker utanom sakslista skal handsamast. Møtet avgjer voteringsmåten.

**Innstilling til vedtak:** Møtereglementet vert godkjent

### 1.6. Godkjenning av valreglement

1. Leiar skal veljast for eitt år.
2. Hovudtillitsvald skal veljast for eitt år.
3. Vara-HTV skal veljast for 1 år.
4. Nestleiar skal veljast for 2 år
5. Styremedlemmane skal veljast for 2 år.
6. Varamedlemmane skal veljast for 2 år
7. Valnemnda skal ha 2 medlemmar og ein varamedlem, dei som går ut av styret går inn i valnemnda.

«I henhold til vedtektene § 15.2 skal lokallagsstyret (...) settes sammen med en rimelig representasjon fra de ulike medlemsgruppene og minst én lederrepresentant».  
(<https://www.utdanningsforbundet.no/om-utdanningsforbundet/vedtekter-strategier-og-retningslinjer/retningslinjer/retningslinjer-for-arsmoter-i-lokallag--sammensetning-valg-og-valgreglement-delegatmote/>)

**Innstilling til vedtak:** Valreglementet vert godkjent

**1.7. Valg av møtefunksjonærer****Innstilling til vedtak:** Som møtefunksjonærer vel me:

Referent: Ina Vibeke Tangen

**Innstilling til vedtak:** Referenten vert godkjend**Sak 2 Val**

Valkomiteen har vore:

Ina V. Tangen, Bokn Skule

Valentina Everte, Bokn Skule

Valkomiteen si innstilling til nytt lokallagsstyre, hovudtillitsvald, og varamedlemmar til lokallagsstyret. Innstilte kandidatar er markerte med gult. Dei utan fargemarkering er altså **ikkje på val** på dette årsmøtet.

Til lokallagsstyret, som hovudtillitsvald og varamedlemmar vel årsmøtet:

Lokallagsleiar:	Merete Alvestad, grunnskule
Nestleiar:	Anne Lisabeth Jøsang, leiar
Hovudtillitsvald:	Merete Alvestad, grunnskule
Styremedlem:	Tone Børgesen, barnehage
Styremedlem:	Julianne Nilssen, barnehage
Styremedlem:	Bianca Alvestad, grunnskule

1.varamedlem: Silje T. Høie

2.varamedlem: Sigrunn Hole Hosaas

Pensjonistkontakt: Sigrunn Hole Hosaas

**1.1. Val av leiar i lokallagsstyret****Valkomiteen si innstilling til vedtak:**

Merete Alvestad, grunnskule

**2.2. Val av nestleiar i lokallagsstyret****Valkomiteen si innstilling til vedtak:**

Anne Lisabeth Jøsang, leiar i skule

**2.3. Val av tillitsvald etter hovudavtalen i KS****Valkomiteen si innstilling til vedtak:**

Merete Alvestad, grunnskule

#### **2.4. Val av andre medlem til lokallagsstyret:**

##### **Valkomiteen sitt innstilling til vedtak:**

Styremedlemmar: Tone Børgesen, barnehage

Julianne Nilssen, barnehage

#### **2.5. Val av valkomité i Utdanningsforbundet Bokn for kommande årsmøteperiode**

##### **Lokallagsstyrets innstilling til vedtak:**

Medlemmar: Ina Vibeke Tangen

Valentina Everte

Varamedlem: Margrete Dale

## **Sak 3 Handsama melding og rekneskap frå lokallagsstyret**

### **Årsmelding 2021**

Utdanningsforbundet Bokn er eit lokallag under Utdanningsforbundet som er ein partipolitisk uavhengig fagforeining for pedagogisk personale innafor alle utdanningsnivå. Lokallaget har kontor i Bokn på Bokn Skule. Medlemstalet var pr.31.12.21 35 stk. Dette er ein vekst på 3 medlemmar sidan same dato året før. Styret har lagt til grunn forutsetninga om fortsett drift for framlegging av årsrekneskapen. UDF Bokn har etter avlagd rekneskap for 2021 eit overskot på kr 5954.

I 2021 har styret hatt 6 styremøte der me har drøfta og behandla ein del saker som gjeld barnehage og skule, drift av organisasjonen, oppfølging av medlemmar, arrangement, smittesituasjonen og nye planar og lovar. Det har vore klubbmøter utan bevertning for medlemmane i barnehagen og i skulen.

Ei av sakene lokallaget tok tak i hausten 2021 var kommunebudsjettet 2022. Det var foreslått at dei økonomiske midla som vart gitt våren 2021 for å oppretta ei ny pedagogstilling i skulen, skulle fjernast frå hausten 2022. Klubben på skulen sendte inn argumentasjon for å halde på desse pengane til kommunestyret. Kommunestyret vedtok at rammeområde Oppvekst fekk behalde 650 000 kr som

skulle brukast på å styrke klassemiljø, aktivitetar og trivsel på skulene og i fritida. Dette viser at stemma vår vert høyrd av politikarane.

Utdanningsforbundet Bokn er med i eit nettverkssamarbeid med Tysvær, Haugesund, Utsira, Karmøy og Vindafjord. Leiar og HTV deltok i møter som dei ulike lagsleiingane hadde ansvar for. Nettverket gjekk saman om eit felles medlemsmøte 8.11 der Simon Malkenes var forelesar. Me arrangerte lunsjforedrag for pensjonistar med Tore Renberg som gjest saman med Tysvær og Vindafjord. Vidare har me ein tett dialog om det meste som rører seg innan utdanning i kommunane til ei kvar tid, og einast om kva som er gode strategiar inn i samarbeidet med kommuneadministrasjonen og i forhold til politikarane, for å få best moglege vilkår for våre organiserte. Nettverket sto til dømes samla i arbeidet for å klargjera tolkinga av avtalen om overtid under pandemien som kom i slutten av september. Det ende med at heile det ytre Nord-Rogaland tolka avtalen til at all overtid fram til april skulle lønnast på same måte, uavhengig av kva fråværet skuldast. Denne avtalen sikrar dei som må arbeide ekstra i denne tida økonomisk kompensasjon.

I 2021 har lokallagsleiar og HTV vore på kurs og samlingar i regi av Utdanningsforbundet Rogaland og Utdanningsforbundet sentralt. Forhandlingsdelegasjonen som var sett saman av leiar/HTV og ATV barnehage deltok på kurs i forhandlingar i august.

Hausten 2021 var det lokale forhandlingar. Leiarmedlemmane som det skulle forhandlast for, fekk om lag det same lønnsloftet som dei andre på sitt nivå i kommunen, rektor fekk noko meir for å følgja rektorane i kommunar det er naturleg å samanlikna seg med. I år prioriterte klubbane og styret i laget at me skulle prioritera grupper med ekstra ansvar og grupper som har sakka akterut lønnsmessig i dei siste oppgjera. Me fekk gjennomslag for auke i tillegget til dei pedagogiske leiarane frå 20 000 kr til 30 000kr. Det generelle kontaktlærartillegget vart auka frå 19 000 kr til 21 000 kr. Det vert som før gitt 300 kr pr barn i klassar over 10 elevar. Kontaktlærarar for samanslåtte klassar skal ha eit ekstra tillegg på 3000 kr. Den som har ansvar for opplæring i teiknspråk har eit årleg tillegg på 5000 kr, det har også dei som har sertifikat på minibuss og stiller som sjåførar. Gruppa me såg låg langt tilbake i lønn, var adjunktar utan tilleggsutdanning. Dei fekk eit tillegg i si personlege lønn på 4000 kr for ein 100% undervisningsstilling. Me er fornøgde me oppgjøret då me fekk omtrent det me krevde og følte at me fekk vår del av potten.

Lokallaget vårt er oppteken av å sjå det enkelte medlem. Medlemmar med lengre sjukefråvær er blitt følgt opp med blomar. Me er også opptekne av å samla medlemmane og oppleve noko i lag for å styrka fellesskapskjensla. Til jul fekk medlemmane tilbod om ein inspirasjonskveld med Dag Otto Lauritzen i Festiviteten. Dei som ikkje ønskte dette, fekk ei julegåve bestående av profileringsmateriell; kaffikopp og nøkkelsnor. Nyutdanna og nytilsette fekk velkomstgåve.

Forutan medlemsmøte har Utdanningsforbundet Bokn vore med å støtta ein del trivselsbringande tiltak for medlemmene i løpet av året. Dette har blant anna vore frisk frukt på jobb på skulen, og ullklede for dei som jobbar i barnehagen.

Utdanningsforbundet i Bokn har ingen tilsette, men me har frikjøp for hovudtillitsvald i til saman 8,6 % som kommunen dekker og for lokallagsleiar 20% som Utdanningsforbundet sentralt dekker. Sjukefråværet for dei tillitsvalde har vore lågt, og det har ikkje vore skader eller ulykker knytt til drifta i 2021.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Me er eit lite lokallag med berre ein skule og ein barnehage. Me har no difor kombinert lokallagsleiar og hovudtillitsvald. Utdanningsforbundet Bokn har som mål å vera ein arbeidsplass der det råder full likestilling mellom kvinner og menn, men ettersom det ikkje på valtidspunktet var fleire enn 3 organiserte menn i jobb i skule og barnehage i perioden, var det ikkje råd å få menn med i styret.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisebilde av organisasjonen sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat. Årets resultat er disponert som angitt i årsrekneskapen.

**Vedtak:** Årsmøtet tok lokallagsstyret si melding til orientering. Årsmøtet godkjende rekneskapen

## Sak 4 Vedta retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

### Handlingsplan april 2022 – mars 2023

Aktivitet	Tid
<i>Pensjonistarbeid, samarbeid med Tysvær</i>	Heile perioden
<i>Samarbeid med lokallaga i nettverk nord om felles arrangement</i>	Heile perioden
<i>Politisk påverkingsarbeid</i>	Heile perioden
<i>Klubbmøte kring aktuelle emne</i>	Minst 2 gonger i året på dei ulike arbeidsplassane
<i>Medlemsmøte/arrangement barnehage/skule</i>	Hausten 2022
<i>Diverse kurs for medlemmar i regi av Utdanningsforbundet</i>	Heile perioden
<i>Sosialt arrangement som julegåve</i>	Hausten 2022/vår 23

**Innstilling til vedtak:** Årsmøtet vedtar retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode

## Sak 5 Handsama budsjett

	Utgifter	Inntekter
<i>Opningsstatus 01.01.22</i>		40 347
<i>Overføring frå Utdanningsforbundet</i>		67.229
<i>Betaling for frukt – ikkje medlemmar</i>		600
<i>Profileringprodukt (post 7321)</i>	7 000	
<i>Medlemsmøter</i>	15000	
<i>Julegåve medlemmar (post 6780, a 300)</i>	10 000	
<i>Beverting ved årsmøte, nettverksmøte, medlemsmøte og styremøte (post 7171)</i>	20 000	
<i>Møtegodtgjersle styre (post 5017)</i>	15 000	
<i>Kurs (post 7172).</i>	15 000	
<i>TV-aksjonen 2021 (post 7420)</i>	1 500	
<i>Diverse materiell / faglitteratur (post 6800 + 6841)</i>	3 000	
<i>Representasjon, gåver (frukt i skulen, ull i barnehage (post 7422)</i>	15 000	
<i>Inntekter:</i>		108 176
<i>Utgifter:</i>	101 500	
<i>Sluttsaldo pr. 31.12.</i>		6 676

**Innstilling til vedtak:** Årsmøtet vedtek budsjettet

## Sak 6 Innmelde saker

### 6.1 Frå medlemmar

Sak A): tekst

**Innstilling til vedtak:** tekst

Sak B): tekst

**Innstilling til vedtak:** tekst

## Sak 7 Evt. resolusjoner